



Hardangerrådet iks



NYTTÅR 2022/2023

Orientering om prosjekt og aktivitetar me arbeider med. Regionrådet 2019-2023

Hardangerrådet iks er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane/herada Eidfjord, Kvam, Ullensvang og Ulvik. Hovudoppgåva er å styrkja regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid. Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og eit mål er å gje enkeltkommunane ei sterkare stemme inn mot myndigheiter i stat og fylke samt å utgjera ein meirverdi for medlemskommunane.

Rådsordførar er Roald Aga Haug, Ullensvang kommune med rådsvaraordførar Anders Vatle, Eidfjord kommune. Styreleiar er Jostein Ljones og leiar i rådmannsforum er Ole-Jørgen Jondahl, Ullensvang kommune.



Hardangerrådsmøte i Eidfjord 23.06.222



Arsmøte og Hardangerrådsmøte i Ulvik 01.04.22

Hardangerrådet hadde i 2022 6 rådsmøter, dei fleste fysisk og nokre digitale. Planlagt møte med Hordalandsbenken og Sognebenken vart utsett til januar 2023.

Aktivitet og prosjekt i 2022



Hardangerrådsmøte i Odda 21.10.22

Viktige saker i rådet har vore m.a.:

- Kraft, energi og straumprisar
- Reversering av domstolreforma
- Nytt rekrutteringsprosjekt
- Prosjektet: "Rein Hardangerfjord"
- Nasjonalt frukt- og sidersenter
- Felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden
- Ny NTP i 2024
- Hjelp til Ukraina
- Framdirft i grøn region Vestland
- Temasamarbeid med Sogn Regionråd



Regionråda si rolle i Vestland fylkeskommune



Dialogen mellom Vestland fylkeskommune og regionråda i fylket held fram. I 2022 vart det inngått ein to-årig partnerskapsavtale mellom Vestland fylkeskommune og Hardangerrådet. Denne avtalen samordnar planlegging, strategiar, tiltak og gjennomføring av avtalte samarbeidsområde. Avtalen legg opp til at partane skal kunne samarbeide der Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 og regionrådet sine tilsvarende plan- og strategidokument gjer dette tenleg.

Hardanger og Voss Ungdomsråd



Hardanger og Voss Ungdomsråd (HU) har dette året hatt 5 rådsmøter, eit digitalt. Leiar har vore Sander Eide Aase, Kvam ungdomsråd (juni 2022) og nestleiar Emilie Tveit, Eidfjord ungdomsråd. Rådet utviklar seg heile tida, og set mange viktige tema på dagsorden.

Aktivitet og prosjekt i 2022



Vedtektene finn du her: [VEDTEKTER HU](#)

Viktige saker og møter i 2022 har vore:

- Møte med Opplæringskontora i Hardanger
- Fokus på faget: **Utdanningsval** - avdekkja svært ulike praksis på skulane
- Planlegging og gjennomføring av Hardanger Ungdomsting:
Hovudtema var : Rein Hardangerfjord og Utdanningsval



- På "Fjorden Ung" representerte Isak Al Bayati, leiar Ullensvang ungdomsråd, Hardanger og Voss ungdomsråd som konferansier saman med Kvinnherad sin ungdomsrådsleiar.




- På dette møtet 16.11.22 plana ungdomsrådet å arrangera ein "Opplæringskonferanse" kvart år. Den skal vera på hausten, men rådet startar med sin fyrste allerede i januar 2023.



Aktivitet og prosjekt i 2022



Team Hardanger



Team Hardanger (TH) er eit nettverk av Hardanger sine kommunale og regionale næringsansvarlege og etablerarrettleiarar, leiarane i dei to næringshagane i Hardanger og dagleg leiar i Visit Hardangerfjord. TH har også i 2022 vore leia av Jan Tjosås, nærings sjef i Kvam herad. På møtet 29.11.22 vart Mona Hellesnes, Nærings sjef i Ulvik herad vald til ny leiar.

TH har hatt 4 møter i 2022, og dette er dei viktigaste sakene :

- Samhandling om næringsutvikling
- Rekrutteringsprosjekt
- Internasjonalisering - felles prosjekt for Hardanger
- Kompetanseforum Hardanger-Voss. Lokalt fokus på utdanning og kompetanse.
- Definerer korleis Team Hardanger skal fremja samarbeid og utvikling i regionen vår



Hardanger Kulturråd

Hardanger kulturråd, eit samarbeids- og rådgjevande organ oppretta av kommunane.

Rådet har hatt 1 møte i 2022. Regionalt kulturfond Hardanger på 150 000 vart tildelt 18.10.2022. No er dei fleste dagsturhyttene på plass, og absolutt verdt alt arbeidet! Ein god møteplass til å drøfta og dela erfaring.



Interkommunalt tenestesamarbeid i Hardanger

Alle kommunane i Hardanger deltek i interkommunale samarbeid, i ulik grad og på ulike område, frå interkommunale selskap til vertskommuneordningar. Nokre av områda det no er samarbeid på er Barnevern, Brannvern, IKT, Økonomisystem, Innkjøpsordning, Skjenkekontroll, Tilsynsordning skule-barnehage, Skulefagleg rettleiing, Revisjon, Renovasjon, Vassområde, Legevaktordningar og ØH-senger, m.m.

Aktivitet og prosjekt i 2022



Kompetanseforum Hardanger-Voss



Hardangerrådet er leiar av arbeidsgruppa “Kompetanseforum Hardanger-Voss” på vegne av Vestland fylkeskommune. Me er ei regional arbeidsgruppe som ser på regionale behov for: Ny kompetanse, desentralisert utdanningstilbod, dimensjonering av utdanningstilboda, karriererettleiing og vidare- og etterutdanning.

I dette nettverket er det represenantar frå skule, næringsliv, Team Hardanger, Vestland fylkeskommune, NAV, næringshagar og Hardangerrådet. Målet er gode regionale løysingar for å møta lokale kompetansebehov no og i framtida, og tetta kompetansegapet.



Hardangerkonferansen 2022

Hardangerkonferansen har vore arrangert kvart sidan 2006, med unntak av 2020. Då måtte konferansen avlysast pga koronapandemien. Konferansen, med aktuelle framtidretta tema for Hardanger vart i 2022 arrangert i Norheimsund med hovudtema: “Styring og bruk av egne ressursar?”



Konferansen er eit samarbeid mellom Sparebanken Vest, Sparebankstiftinga Hardanger, Visit Hardangerfjord, Vestland Bondelag, vertsheradet Kvam, Næringshagen i Ullensvang, Hardanger og Voss Næringshage og Hardangerrådet

Aktivitet og prosjekt i 2022



Stride 4 Stride-internasjonalt samarbeid om kompetanse og utdanning



earlall
EUROPEAN ASSOCIATION OF REGIONAL & LOCAL
AUTHORITIES FOR LIFELONG LEARNING



Co-funded by the
Erasmus+ Programme
of the European Union

Stride 4 Stride har mål om å utvikla konsept for å byggja lokale økosystem som kan definera behov og raskt få på plass rett utdanning. Eit slikt økosystem må inkludera både skule, næring, kommune og utviklingsaktørar. Hardangerrådet er partner i prosjektet saman med Karriere Vestland og Vestland fylkeskommune.



I prosjektet skal me gjennom 4 workshops setja fokus på lokale kompetansemål og tilbud. I juni fekk me besøk til Bergen og Hardanger, her er referat. I november var det samling i Bretagne, her er resyme. Prosjektet er forlenga til juni 2023, og neste workshop er i Catalonia i Spania i mars.



Lokal kultur - Internasjonal sider



Iceland
Liechtenstein
Norway grants grants



Aktivitet og prosjekt i 2022



“Internasjonal Siderkultur”-prosjektet skal fortsetja ut 2023. Endeleg kunne me møtast fysisk og det skjedde i Øystese under Siderfestivalen der. Prosjektet skal bidra til regional utvikling med frukt og sider som tema. Våren 2022 arrangerte Internasjonal Siderfestival politisk møte, som dette prosjektet har vore med å initiere. Der kom det 130 personar frå heile landet. Dette eventyret er det mange som ser og som vil vera med å utvikla. At Hardanger leiar utviklinga er naturleg. Her er stort fagmiljø, mange produsentar og frukt- og siderforskinga er lokalisert her. Det sensoriske panelet arbeider og utviklar seg. I haust var mange i panelet meddommarar under VM i Bergen 10.11.2022. [Her finn du mange interessante artiklar om sider frå Hardanger](#) i ulike medier
Meir om prosjektet vårt: [Sjå her.](#)



Nasjonalt frukt- og sidersenter



Prosjektet Nasjonalt frukt- og sidersenter har avslutta forprosjektet og det går no over i ein mellomfase før hovudprosjekt. For å henta inspirasjon og læring knytta til etablering av eit nasjonalt senter søkte Hardangerrådet til Vestland fylkeskommune om Erasmus+midlar til gjennomføring av ein læringstur. Etter positiv handsaming av søknad reiste 12 deltakarar til Herefordshire i oktober. Herefordshire er sjølv hjartet for siderproduksjon i England. Her fekk gruppa gode impulsar å ta med seg i det vidare arbeid for realisering av eit nasjonalt frukt- og sidersenter på Lofthus i Hardanger.

Aktivitet og prosjekt i 2022



Rein Hardangerfjord



FRAMTIDSHAVET



Prosjektet "Rein Hardangerfjord" vart gjennomført med inspirasjonsarrangement, ryddedag og konsert i september 2022.

Prosjektet kom istand gjennom eit initiativ frå Stiftinga Framtidshavet. Hardangerrådet og Sunnhordlandsrådet vedtok å delta i prosjektet som omfattar ein årleg ryddedugnad i heile Hardangerfjorden over ein periode på 5 år (2022-2026). På ryddedagen i 2022 vart det samla inn omlag 30 tonn plast og anna avfall. 3.500 personar deltok på ryddedugnaden. Med dette har vi gjennomført det som var målet for 2022, nemleg å gjennomføra verdas største strandryddeaksjon.



HMM Helsehjelp til Ukraina

Hardangerrådet vedtok i 2022 å inngå samarbeid med HMM Helsehjelp til Ukraina. Avtalen er her.



Prosjekt Fjernarbeidsplassar

Hardangerrådet har gått saman med forskningsorganisasjonen NORCE i eit prosjekt som skal utgreia potensialet for auka bruk av fjernarbeid og kva mogeleheiter dette opnar for tilflytting til Hardanger. Prosjektet har planlagt oppstart i 2023.



Hardanger Miljøfyrtårn-region



Hardanger miljøfyrtårn-region vart oppretta for at Hardangerrådet skulle vera koordinator i Hardanger. Ordninga er til for å få fokus på miljøvenleg drift og organisering. I 2017 vart ordninga anerkjent av EU, den fyrste i sitt slag. I Hardanger er fleire og fleire bedrifter, organisasjonar/festivalar og kommunehus sertifiserte. Samfunnsoppdraget er klart: Miljøfyrtårn skal hjelpa Norske kommunar og bedrifter til å ta klimaansvar www.miljofyrtarn.no

Aktivitet og prosjekt i 2022



Vestland
fylkeskommune

Etablerartenesta i Hardanger



Etablerersenteret

Etablerarteneste si fyrstelinje er det kommunane som har ansvar for.

Etablerarskulen i Hardanger ligg no under Etablersarsenteret i Bergen. Det er fylkeskommunen som eig denne tenesta ilag med kommunane. For meir informasjon og kursoversikt sjå www.etablerasenteret.no



www.nhullensvang.no



UNGT
ENTRE
PRENØR
SKAP
• innovatører
• trengs overalt



www.hardangerhagen.no

I Hardanger har me to næringsshagar, Næringsshagen i Ullensvang og Hardanger og Voss næringsshage. Hardangerrådet har gjennom fleire år støtta arbeidet for Regional Næringsshage i Hardanger. Næringsshagar har miljø for nettverksbygging, kompetanseheving og samarbeid mellom verksemdar i same bransje og på tvers av bransjar. Målet er auka regional verdiskaping gjennom vidareutvikling og vekst i nye og eksisterande verksemdar. I ein næringsshage får små verksemdar tilgang til relevant kompetanse og nettverk, i tillegg til eit fagleg og sosialt fellesskap. Næringsshagen skal også vera møteplass for verkemiddel- apparat, samarbeidspartnarar og erfaringsutveksling med andre næringsshagar i Noreg. Næringsshagemiljøet skal bidra til å styrkja utviklingskompetansen i dei enkelte kommunane og på tvers av kommunegrensene.

Ungt Entreprenørskap (UE) arbeider saman med Hardangerkommunane for å styrkja lokal identitet og fremja evne og vilje til nytenking og verdiskaping, med skulen som arena. Sentralt i arbeidet er å knyta kontakt mellom skulane og det lokale nærings- og arbeidslivet. UE i Hardanger er eit prosjekt drifta frå Næringsshagen i Ullensvang.

For 5.-7.klasse er "Forskarfabrikken" eit sommartilbud også i Hardanger. Det fremjar realfag, teknologi og læreglede.

Næringsshagane jobbar for å legge til rette for eit fleksibelt utdanningstilbod i regionen. Målsetjinga er å etablere eit kompetansesenter som samarbeider med utdanningsinstitusjonar, fylket, NAV og andre naturlege samarbeidspartar, om formell utdanning.

Næringsshagane inngjekk eit samarbeid med Høgskulen på Vestlandet og Fagskulen Vestland i 2021, noko som vil styrkja studietilbodet i Hardanger i åra som kjem.

HARDANGER - BERLIN
HARDANGER sin KUNSTNARBUSTAD i BERLIN



Ordninga [Hardanger-Berlin](#) fortset i 2023, den har no fått ein 3-årig avtale om årleg stønad på kr 50.000 frå Vestland fylkeskommune. Tilsaman med kommunane sine bidrag direkte og eigenandel frå kunstnarane er prosjektet fullfinansiert. Ordninga er til for kunstnarar frå Hardanger, og no også kunstnarar frå heile Vestland i 3 av 12 mnd. Året 2023 er fulltegna, og det var mange som søkte.

Ansvar er ellers som før: Eidfjord kommune har leigekontrakta og er ansvarleg for husværet, Hardanger Kunstlag har økonomiansvar og Hardangerrådet hjelper med adminstrasjon. Ordninga starta i 2009 og den vart avslutta som ordning i regi av Hardangerrådet 31.12.2016.

Aktivitet og prosjekt i 2022



www.hardanger.com



Hardanger sin nettstad er hardanger.com. Ei felles nettside, der det er lett å bevega seg vidare inn til alle kommunar, reiseliv og anna næringsliv, kunst og kultur med aktivitetskalendaren til Visit Hardangerfjord. Dette er også Hardangerrådet sin nettstad, med informasjon frå m.a. regionrådet, prosjektarbeid, nyheiter og møtebøker.

www.hardanger.com

Kinsarvik 25.01.2023

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar

Trude L. Rinaldo
Konsulent

